SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

**Saksprotokoll**

---

**Organ:** **Fylkesutvalet**

**Møtedato:** 25.11.2019

---

**Sak nr.:** 19/12736-2
**Internt l.nr.** 70447/19

**Sak:** 101/19

## Tittel: Områdegjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkeskommunane stør ein heilskapleg gjennomgang av verkemiddelapparatet.
2. Fylkeskommunane legg til grunn at endringane vil støtte opp under måla med regionreforma og stø fylkeskommunane si regionale samfunnsutviklarrolle.
3. Fylkeskommunane sin eigardel i Innovasjon Norge bør behaldast, ev. styrkast.
4. Fylkeskommunane gjer framlegg om ein alternativ modell, basert på dagens arbeidsmåtar (jf. kap. 5 i saksframstillinga).
5. Fylkeskommunane sitt høve til å påverke utforminga av nasjonale verkemiddel må styrkast gjennom utforming av nasjonale programstyre, der fylka vert gjevne reell påverknad.
6. Fylkeskommunane må få høve til å disponere næringsretta økonomiske verkemiddel frå staten til bruk i aktivitetar som stør fylkeskommunane sine oppgåver relatert til strategisk retning, mobilisering og koordinering.
7. Fylkeskommunane stør at Siva vert lagt inn i Innovasjon Norge.
8. Fylkeskommunane stør at den nasjonale reiselivsprofileringa vert utgreidd med mål om å skilje denne ut i eiga eining.
9. Fylkeskommunane meiner mandatet i områdegjennomgangen er for snevert og ber om at også andre ordningar og virkemiddel vert vurderte, t.d. ordningar under Enova og kompetansevirkemiddel.
10. Fylkeskommunane finn det naturleg å ta ei rolle i utviklinga av nye kunnskaps- og innovasjonssenter gjennom å overta delar av eigedomsdivisjonen i Siva.
11. Fylkeskommunane vil også understreke betydninga kommunane har for gründarar og næringslivet elles.
12. Fylkeskommunen forventar å bli direkte involvert i den vidare prosessen.